



Saksmappe: 2020/273
Sakshandsamar: SLS
Dato: 24.02.2025

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
5/25	Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsettingar	03.03.2025
9/25	Bygland ungdomsråd	03.03.2025
21/25	Plan, miljø- og ressursutvalet	04.03.2025
14/25	Levekårsutvalet	05.03.2025
6/25	Administrasjonsutvalet	06.03.2025
19/25	Formannskapet	06.03.2025
30/25	Kommunestyret	13.03.2025

Kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 - 2. gongs høyring

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 5/2025 i møte den 03.03.2025:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Uttale/vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 9/2025 i møte den 03.03.2025:

Handsaming:

Fagleiar plan, Sonja Lien Skjevraak orienterte om saka.

Uttale/vedtak:

Ungdomsrådet har ikkje innspel til arealdelen.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 21/2025 i møte den 04.03.2025:

Handsaming:

Endringsforslag frå H
Kommuneplanen sin arealdel blir lagt frem til vedtak for kommunestyret i tråd med løyste motsegn og utan nye arealføremål. Straks etter vedtak i kommunestyret starter kommunedirektøren revidering av KPA med formål å få med endurobane, andre aktuelle arealformål samt LNF spreidd.

Endringsforslag frå Sp og Ap
Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraaksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelsar på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Kommunedirektøren si innstilling
Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

VOTERINGAR

Endringsforslag frå H	Fallen
FOR 1	MOT 3
HØGRE (1/1) Anne Eikerapen	ARBEIDARPARTIET (1/1) Finn Håkon Borgi SENERPARTIET (2/2) Jørund Kvaale Hansen Gro Tove Frafjord Sandnes

Endringsforslag frå Sp og Ap	Vedteke
FOR 3	MOT 1
ARBEIDARPARTIET (1/1) Finn Håkon Borgi SENERPARTIET (2/2) Gro Tove Frafjord Sandnes Jørund Kvaale Hansen	HØGRE (1/1) Anne Eikerapen

Kommunedirektøren si innstilling	Fallen
FOR 0	MOT 4
	ARBEIDARPARTIET (1/1) Finn Håkon Borgi SENERPARTIET (2/2) Jørund Kvaale Hansen Gro Tove Frafjord Sandnes HØGRE (1/1) Anne Eikerapen

Vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak

av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelsar på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Levekårsutvalet si handsaming av sak 14/2025 i møte den 05.03.2025:

Handsaming:

FORSLAG

Kommunedirektøren si innstilling
Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Endringsforslag frå H
Kommuneplanen sin arealplan blir lagt frem til vedtak for kommunestyret i tråd med løyste motsegn og utan nye arealføremål. Straks etter vedtak i kommunestyre starter kommune direktøren revidering av KPA med formål å ta med endurobanen, andre aktuelle areal formål samt LNF spreidd.

Forslag frå Ap og Sp
Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelsar på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

VOTERINGAR

Forslag frå Ap og Sp mot Endringsforslag frå H	Forslag frå Ap og Sp
--	----------------------

Forslag frå Ap og Sp 3	Endringsforslag frå H 1
ARBEIDERPARTIET (2/2) May Britt Stenjør Anne Løyland	HØGRE (1/1) Aslaug Simonstad Stije
SENERPARTIET (1/1) Emil Simonstad Knutsen	

Kommunedirektøren si innstilling	Fallen
FOR 0	MOT 4
	SENERPARTIET (1/1) Emil Simonstad Knutsen HØGRE (1/1) Aslaug Simonstad Stije ARBEIDERPARTIET (2/2) May Britt Stenjør Anne Løyland

Vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelser på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Administrasjonsutvalet si handsaming av sak 6/2025 i møte den 06.03.2025:

Handsaming:

Tilleggsforslag frå H

Kommuneplanen sin arealdel blir lagt frem til vedtak for kommunestyret i tråd med løyste motsegn og utan nye arealføremål.

Straks etter vedtak i kommunestyret starter kommunedirektøren revidering av KPA med formål å få med endurobane, andre aktuelle arealformål samt LNF spreidd.

Forslag frå Sp og Ap

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelsar på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Røysting over tilleggsframlegget frå Høgre mot framlegget frå SP/AP:

Tilleggsforslag frå H mot Forslag frå Sp og Ap	Forslag frå Sp og Ap
Tilleggsforslag frå H 2	Forslag frå Sp og Ap 5
HØGRE (2/2) Kjell Rune Heia Anne Eikerapen	SENERPARTIET (1/1) Jørund Kvaale Hansen ARBEIDERPARTIET (1/1) May Britt Stenjør TILLITSVALGT (1/1) Gunnstein Attestog (sett manuelt av Jorunn Sørлие Tveiten) ARBEIDARPARTIET (1/1) Runar Flåt Granheim TILITSVALGT (1/1) Herborg Nyhaven (sett manuelt av Jorunn Sørлие Tveiten)

Vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelser på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Formannskapet si handsaming av sak 19/2025 i møte den 06.03.2025:

Handsaming:

Endringsforslag frå H
Kommuneplanen sin arealdel blir lagt frem til vedtak for kommunestyret i tråd med løyste motsegn og utan nye arealføremål. Straks etter vedtak i kommunestyret starter kommunedirektøren revidering av KPA med formål å få med endurobane, andre aktuelle arealformål samt LNF spreidd.

Forslag frå Sp og Ap
Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelser på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Endringsforslag frå H mot Forslag frå Sp og Ap	Forslag frå Sp og Ap
Endringsforslag frå H 2	Forslag frå Sp og Ap 3

HØGRE (2/2)	ARBEIDERPARTIET (1/1)
Anne Eikerapen	May Britt Stenjør
Kjell Rune Heia	SENERPARTIET (1/1)
	Jørund Kvaale Hansen
	ARBEIDARPARTIET (1/1)
	Runar Flåt Granheim

Vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelser på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Kommunestyret si handsaming av sak 30/2025 i møte den 13.03.2025:

Handsaming:

Habilitet frå K. W. Bygland (PP)
Ein ber om ei vurdering av habilitet i høve saka. Årsak: han er nabo til Endurobanen. Ein bed samstundes om at framlegget frå Høgre ikkje blir sett opp mot innstillinga under votering.
Votering: Knut William Bygland blei samrøystes vedteken som gild.

Tilleggsforslag frå H
Straks etter vedtak i kommunestyret etter 2. gongs høyring starter kommunedirektøren revidering av KPA med formål å få med LNF-spredd og andre aktuelle arealformål.

Røysting over formannskapet si innstilling: Samrøystes

Røysting over tilleggsframlegget frå høgre: Samrøystes

Vedtak:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på 2. gongs høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14. Med unntak av område for endurobane ved Nesmoen, område for solkraft Skjevraksnuten og solkraft ved Lyngnes, som vert teken ut etter innspel frå regionalt planforum om at det vil komme innsigelsar på desse områda. Det er endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til.

Straks etter vedtak i kommunestyret etter 2. gongs høyring starter kommunedirektøren revidering av KPA med formål å få med LNF-spreidd og andre aktuelle arealformål.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

Kommuneplanen sin arealdel består av planomtale (vedlegg 1), planføresegner (vedlegg 2) og plankart (vedlegg 3) med tilhøyrande temakart (vedlegg 7-10). Det er desse dokumenta saman med konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarheitsanalyse (vedlegg 6) som blir lagt ut på høyring og offentlig ettersyn. Andre vedlegg i saka er underlagsdokument.

- 1** Planomtale KP arealdel 2025_2036 2gongs høyring
- 2** Føresegner KP arealdel 2025_2036 2gongs høyring
- 3** Kart 1 Plankart
- 4** Endringar i plandokumenta til 2gongs høyring
- 5** Spesifisering av endringar til 2gongs høyring

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk og innsyn» og «[Vedlegg og presentasjonar til politiske møte](#)» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

- 6** Konsekvensutgreiing inkl. risiko- og sårbarheitsanalyse (jp 293)

Temakart:

- 7 Kart 2 Fare snøskred og steinsprang (jp 296)
- 8 Kart 3 Fare jord- og flaumskred (jp 296)
- 9 Kart 4 Fare flaum (jp 296)
- 10 Kart 5 Verna vassdrag (jp 296)

Saksframlegg og saksprotokoll til:

- 11 Behandling av uttalar etter 1. gongs høyring av kommuneplanen sin arealdel (03.10.23, sak 82/23) (jp 226)
- 12 Endringar i forslag til kommuneplanen sin arealdel etter 1. gongs høyring (27.02.24, sak 20/24) (jp 270)
- 13 Vedtak av meklingsresultat av kommuneplanen sin arealdel (19.06.24, sak 54/24) (jp 267)

Bakgrunn for saka

Hausten 2020 vart det sett i gang arbeid med å revidere kommuneplanen sin arealdel. Planforslag var på 1. gongs høyring i perioden 07.07-12.09.2023. Det kom inn 19 uttalar og motsegn til seks område i planen. Plan, miljø og ressursutvalet gjorde vinteren 2024 vedtak om at tre nye formålsområde skulle inn i planen. Jf. plan- og bygningslova § 11-15 må endring av arealbruk som ikkje har vore på høyring, tas opp til ny behandling. Det betyr at endringane i planforslaget må ut på 2. gongs høyring.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova §§ 5-2 (høyring og offentleg ettersyn), 11-14 (høyring av planforslag) og 11-15 (vedtak av kommuneplan).

VURDERINGAR OG KONSEKVEN SAR

Føringar for planarbeidet

Kommuneplanen sin arealdel skal ta utgangspunkt i vedtatt planstrategi og planprogrammet for revisjonen. Planen skal også henge saman med det plangrunnlaget kommunen har frå før. Den skal bygge på samfunnsdelen og følge opp mål og strategiar som er vedtatt der. Denne koplinga er viktig for å sikre at den langsiktige arealpolitikken blir sett i samanheng med utviklinga på andre område i samfunnet.

Politiske behandlingar etter 1. gongs høyring

Forslag til kommuneplanen sin arealdel var på 1. gongs høyring i perioden 7. juli – 12. september 2023. Det kom inn 19 uttalar inkl. motsegn til 5 område. Motsegna kom frå Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder. Uttalane vart vurdert og behandla av plan, miljø og ressursutvalet i møte 3. oktober i sak 82/23.

Kommunedirektøren la fram sak med anbefaling om å løyse motsegnene og vidare ferdigstille og vedta planen utan nye formålsområde. Dette vart behandla av plan, miljø og ressursutvalet i møte 27. februar 2024, sak 20/24. Utvalet gjorde vedtak i saka om å legge inn tre nye formålsområde i planforslaget:

- område for motorsport på Nesmoen
- område for solkraft på Lyngnes
- område for solkraft på Skjevraak

Jf. plan- og bygningslova § 11-15 må endring av arealbruk som ikkje har vore på høyring, tas opp til ny behandling. Nye formålsområde betyr derfor at planforslaget må ut på 2. gongs høyring.

Etter dialogmøte og meklingsmøte med Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder vart dei motsegnene løyst, og meklingsresultatet vart vedtatt av kommunestyret i møte 19. juni 2024 i sak 54/24.

Sjå dei vedlagte saksprotokollane for meir informasjon om dei politisk behandlingane og vedtaka.

Planarbeid fram mot 2. gongs høyring

Det er gjort endringar i plandokumenta basert på behandling av uttalane frå 1. gongs høyring, meklingsresultatet, innspel frå styringsgruppa og frå administrasjonen. Dei tre områda som vart vedtatt tatt med, er lagt inn i planforslaget.

Planprosessen så langt med plandokument frå 1. gongs høyring, ligg på [her](#) på heimesida.

Tida etter 1. gongs høyring er nytta til forbetring av forslag til føresegner spesielt og til oppdatering av temakarta for naturfare. Det er derfor gjort ein del endringar av større og mindre grad i plandokumenta med mål enda betre til rettelegging for ønska utvikling.

Endringane er samanstillt i desse to dokumenta:

Vedlegg 4 Endringar i plandokumenta til 2. gongs høyring

→ Oversikt over alle innspel, vurdering av desse og forslag til endring

Vedlegg 5 Spesifisering av endringar til 2. gongs høyring

→ Syner endringane i føresegner og plankart frå 1. gongs høyring til 2. gongs høyring

Kartløyising som syner planforslaget, finn de [her](#).

Avgrensing av høyringa

Det er berre endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til ved 2. gongs høyring. Det som ikkje er endra, ligg fast i tråd med plandokumenta som var på 1. gongs høyring. Dokumentet «Endringar i plandokumenta til 2. gongs høyring», ligg til grunn for kva det kan gis uttale til.

Vidare prosess

Høyring og offentleg ettersyn er planlagt med frist i starten av mai 2025. Sluttbehandling av kommuneplanen sin arealdel er avhengig av omfanget av innspel i høyringsperioden og behov for endringar, men målsettinga er at endeleg planvedtak kan bli gjort før sommaren 2025.

Konklusjon

Kommunedirektøren anbefaler at forslag til kommuneplanen sin arealdel 2025-2036 blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med avgrensing av høyringa til endringane som er gjort i plandokumenta etter 1. gongs høyring.

Bygland, 17.02.2025

Kommunedirektør